



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Gry Walle 5557 2332  
Anniken Friis, 5557 2323

Vår dato  
03.11.2014  
Dykkar dato  
26.06.2014

Vår referanse  
2014/8196 561  
Dykkar referanse  
14/2607

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### Fråsegn til overføring av Våtekleivbekkane til Lang-Sima kraftverk

**Fylkesmannen viser til at tidlegare utbyggingar i området skapar trong for å vurdere samla belastning på naturmangfald og friluftsliv, spesielt anadrom fisk.**

**Ved ei eventuell konsesjon må det setjast vilkår om at bekkeinntaka vert lukka i perioden der bekkane har verknad for vassføringa i Norddøla.**

Fylkesmannen viser til høyringsdokument og utsett høyringsfrist.

Tiltaket omfattar overføring av to bekker i eit område som frå tidlegare er sterkt prega av kraftutbygging. Tiltaket er karakterisert som eit O/U-prosjekt.

#### Våre merknader

I følgje fylkesdelplan for små kraftverk ligg bekkeinntak i eit område som er rekna som sårbart fjellområde. Søknaden viser at overføringa vil føre til tap av INON-område. Fylkesmannen ber NVE leggje vekt på dette i samband med vedtak om eventuell konsesjon.

Tiltaket vil påverke anadrom fisk i Norddøla. Nedbørsfeltet er tidlegare redusert med om lag 44 prosent, noko som har ført til ein reduksjon av gjennomsnittleg vassføring frå 2,9 m<sup>3</sup>/s til 1,5 m<sup>3</sup>/s. Bestanden av sjøaure i Norddøla er redusert som følgje av tidlegare vassdragsregulering.

Tiltaket vil redusere vassføringa med ytterlegare 4 prosent. Vurderingar utført i samband med søknaden viser at det er i slutten av snøsmeltinga at dette delfeltet bidrag mest til vassføringa i Norddøla. Tiltaket kan soleis føre til redusert produksjon av fisk på anadrom strekning.

Utan avbøtande tiltak vil overføringa kunne påverke bestanden av anadrom fisk negativt. I søknaden går det fram at ein kan eliminere dei negative effektane av inntaka ved å stenge bekkeinntaka i perioden då desse påverkar vassføringa i Norddøla. Fylkesmannen meiner at dette må vere eit krav for å kunne gje konsesjon til overføringa.

## Konklusjon

Fylkesmannen meiner Statkraft Energi AS kan få konsesjon, om det vert tatt tilstrekkeleg omsyn til anadrom fisk. Bekkeinntaka må lukkast i kritiske periodar.

Tidlegare inngrep i området gjer det nødvendig å ta utgangspunkt i samla belastning. Dette gjeld i særleg grad omsynet til sjøaure. Den kritiske situasjonen for anadrom fisk i Hardangerfjorden set krav til særlege omsyn i samband med nye utbyggingar og inngrep.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	Ulvik
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	Eidfjord